

# Vintervotter

Å bevare synlege kulturminner er kjent, men å ta vare på musikk, dans eller ein tradisjonell arbeidsprosess, som gjerne vert kalla immaterielle kulturminner, er mindre påakta. Ved å ratifisere UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv, tok Norge tak i dette i 2007. Konvensjonen beveger seg på eit lokal- og individnivå der einskildpersonen er den sentrale. Museer og frivillige organisasjoner er institusjonar som driv innsamlingsarbeid, og gjennom dokumentasjon og opplæring kan håndverksteknikkar, mat- og namnetradisjonar, språk, musikk og dans bli ført vidare, til nye generasjoner.

I det førindustrielle samfunnet heldt t. d. håndverksteknikkane seg levande ved overføring frå generasjon til generasjon. Desse var tufta på erfaringsbasert kunnskap. Mykje av den handlingsbårne kunnskapen tilhører ei svunnen tid. Men framleis er det slik at enklare håndverksteknikker blir overlevert i form av ord og handling frå ein person til ein annen.

For å presentere noko av Nord-Østerdalsmuseet sitt innsamlingsarbeid, vil eg her plukke fram ein spesiell striketeknikk og tradisjonsberaren bak.



*Tradisjonsberar Ingebjørg Nytrøen i Vingelen.*

Gjennom arbeidet med utstilling i det nye museumsbygget på Ramsmoen i 1996, reiste eg på besøk til Ingebjørg Nytrøen i Vingelen. Ho kan mangt slags håndarbeid og står i Håndverksregistret på Maihaugen (Norsk håndverksutvikling), oppført som tradisjonsberar i strikking. Eg vart den gong fasinert av vottene ho hadde strikka. Teknikken



Dese vottene, av grått garn med blåe ringer på vrangborden, fekk Nordøsterdalsmuseet til den første utstillinga i det nye museumsbygget på Ramsmoen i 1996.

hadde ho lært av mor si, Johanna Svendsdatter Nytrøen f. Løvli, 1890. Det var ikkje namn på denne teknikken, ”men de`bli i slags dobbeltstriking mæ en trå”, sa ho. Derfor vel eg å bruke denne nemninga.

### *Dobbelstriking med ein tråd*

Strikkemåten er såre enkel, men likevel krevande å få riktig til, ”ja, du må føl mæ”, seier Ingebjørg. Eg lærte denne i 1996 og har seinare lært bort teknikken til fleire. Mange nytter den i hæler, men den kan brukast til så mykje meir!

Strikkemåten: Strikk første omgang rett. Andre omgang: Strikk ei maske rett, neste taes av. Fortsett slik omgangen ut. Gjenta desse to omgangene i same rekkefølge.

Ingebjørg (Bøggen) Nytrøen er altså kilden, og den kalde vinteren 2010 er bakgrunn for ein mindre votteproduksjon. Teknikken gjer at votten blir dobbel, og derfor ekstra godt og varmt. For å dele denne kunnskapen med fleire, har eg notert ned mi eiga oppskrift, på både kvinne- og mannvott.



Teknikken ”dobbeltstriking med ein tråd”, og her ser du uttaket til tommelen.

### *Kvinnevott*

Pinne: Fem pinner i tjukkleik 2,5.

Garn: 3 eller 4-tråds ullgarn.

Legg opp 48 masker. Strikk første omgang rett på ein pinne. Fordel deretter maskene jevnt på 4 pinner. Strikk så vrangborden med 2 rette og 2 vrangs masker, i 25 omganger. Gå over til sjølv votten ved å strikke ei omgang vrangt. (På nokre av para har eg mønster i overgangen). Begynn så med strikketeknikken som er forklart foran. På tredje omgang begynner uttaketing til tommelen.

Venstre vott: Strikk 8 masker, kast på pinnen og strikk rett omgangen ut. Omgangen deretter strikkes ei maske rett/neste taes av o.s.b. Når du strikker denne omgangen, strikkes kastet som rett maske. Det fører til at du får eit hol. Forsett med uttaking til tommelen på kvar rettomgang, til du har 12 hol som går på skrå. Avmerk maskene til tommelen ved å strikke inn ein tråd i annan farge over 13 masker. (Den siste maska blir da plassert rett over det 12. holet i uttakinga). Høgrevott: Strikk 40 masker, kast på pinnen, strikk rette masker omgangen ut. Forsett som på venstrevotten, men motsatt.

Strikk videre til votten måler 20 cm. Da begynner fellinga. Fordel maskene slik at du har like mange masker på håndbaken som i håndloen, og fordel dei likt på pinnene.

Felling: Fell i den omgangen du strikker rett. Strikk første pinne på omgangen til du har att 3 masker, ta sammen to, strikk den siste. 2. pinne: Strikk den første maska, ta dei to neste saman. Strikk rette masker ut pinnen. 3. pinne: Strikk rett til du har att tre masker, ta to saman, strikk den siste. 4. pinne: Strikk første maske rett, ta dei to neste saman, og resten av pinnen strikkes rett. Neste omgang strikkes utan felling. Gjenta slik 3 gonger på kvinnevotten og 4 gonger på karvotten. Deretter feller du slik på kvar omgang, til du har att fire masker. Trekk da tråden gjennom alle maskene.

## Karvott

Pinne: Fem pinner i tjukkleik 2,5.  
Garn: 3 eller 4-tråds ullgarn.

Legg opp 56 masker. Første omgang strikkes med rette masker, på ein pinne. Fordel deretter maskene jevt på fire pinner. Strikk vrangbord, 2 rette og 2 vrangle, over 30 omganger. Strikk gjerne ein omgang vrangt før du begynner med strikketeknikken som er nemnd ovafor.

Uttak til tommelen, venstre vott: På 3. omgang begynner uttaking til tommelen. I uttakings-omgangen strikkes alle maskene rett. Strikk 8 masker rett, eit kast på pinnen, og resten av omgangen rett. (I neste omgang strikkes ei maske rett, neste taes av, o. s. b.) På omgangen deretter strikkes 9 masker, eit kast, og så rett omgangen ut. Du aukar i anna kvar omgang, den omgangen du strikker rett, slik at du får ei skrå linje med hol. Når du har 14 hol har du tatt ut nok til tommelen. Strikk deretter ein omgang "rett og ta av". I omgangen deretter merkes tommelen med å strikke 14 masker i ei anna farge, slik at den siste maska kjem over siste holet i uttakinga. Høgre vott: Strikk 48 masker, kast på pinnen, og strikk resten av pinnen rett. Fortsett vidare som venstrevotten, men motsatt. Strikk votten vidare til den måler 28 cm. Fordel maskene jevnlig på fire pinner. Begynn så fellinga.

## Felling

Felling blir som nemnd ovafor, for kvinnevotten.

## Tommelen

Løs opp tråd i annan farge forsiktig, og sett maskene på 4 pinner. 13 masker x 2



Tommeluttaking.

på kvinnevotten, og 14 masker x 2 på karvotten.

Strikk mønsteret som tidlegare beskrevet. Når tommelen måler 4,5 cm på kvinne-, og 6,5 cm på herrevotten begynner fellinga. Fordel maskene slik at du har like mange over som under. Strikk ei maske, ta to saman, strikk vidare ut første pinnen. Andre pinnen strikkes til det er att tre masker, ta to saman, strikk den siste rett. Tredje pinne: Strikk ei maske rett, ta to saman, strikk så pinnen ut. Fjerde pinne strikkes fram til det er att tre masker, ta to saman strikk den siste maska rett. Fell i kvar på omgang. Når det er att fire masker, trekkes tråden gjennom.

## Lånte hender



## Kjelder

Intervju med Ingebjørg Nytrøen, Vingen f. 1925, i februar 1996 og 15. september 2010.

## Litteratur

- UD: Stortings prp. 76 (2005 – 2006).  
Brit Solhaug: Den imaterielle kulturarven: I Norsk Husflid 3 – 2010
- Wigdis Jorunn Espeland: Den tause kunnskapen: Ein gløymd dimensjon i etnologisk forsking?

I rapport frå NEFA-Nordens 15.  
Fältseminarium, Lojo, Finland 1987.

### *Immateriell kulturarv*

UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven er verdensomspennande, og Norge ratifisert denne i 2007. Den har til hensikt å gje den immaterielle kulturarven eit løft, slik at den blir like mye respektert som den materielle. Med eit internasjonalt utgangspunkt vil konvensjonen overstyre norske lover. Konvensjonen er forankra på individ- og lokalnivå, og vil fremheve erfaringsbasert kunnskap og ferdigheter.

### *Om forfattaren*

Helga Reidun B. Nesset f. 1951, har lang erfaring frå museumsarbeid, der gjenstander i tekstil, og folkeleg draktskikk er det store interessefeltet.

Ansatt i Nordøsterdalsmuseet fra 1988.